

## VÅR- OG SOMMARSTØL


VÅRSTØLEN TVEDDAL OG SOMMARSTØLEN FREDDAL ER DØME PÅ DEN TRADISJONELLE STØLSDRIFTA I JONDAL KOMMUNE. HER HAR DET VORE STØLA FRAM TIL NO MED KYR AV ULIKE GAMLE RASAR.



Stølane ligg i eit sidedalføre sør frå Krossdalen. Fram til Tveddal er det køyreveg. Dalen er skogkledd, men rundt stølsvollen og eit stykke innover dalbotnen er det ope beitelandskap. Tidlegare har rundt ti bruk støla på Tveddal og på det meste kunne det vera 60-70 kyr her. Grunna utskifting og flytting er det no berre tre sel og ein flor som står igjen.

Sommarstølen Freddal ligg lenger oppe i dalføret. Ein har buført dyra til fots og nytta hesten til kløvjing. Freddal ligg på ein voll mellom to vatn, omkransa av høge fjell. Tre bruk har stølsrett her. Etter 1960 er det eitt bruk som har halde oppe stølinga på Tveddal og Freddal. Brukaren har hatt både mjølkekyr og -geiter. Kyrne har vore av gamal rase, i 1993 Vestlandsk fjordfe og i 2000 Telemarskyr og Sidet Trønderfe. Mjølkinga har heilt til det siste vore gjort for hand. Av mjølka vart det laga ost, smør og rømmekolle.

I åra 1979-84 laga Anders Bringeland frå Jondal ein video om stølinga på Freddal.



## Anna bruk

- ❖ 1998 Gamlestølen venner/ Stiftinga Tveddal vart skipa for å ta vare på stølskulturen på Tveddal og gjere den tilgjengeleg for folk. Stiftinga overtok stølshus og utstyr frå brukaren.
- ❖ 1999 Stiftinga rekonstruerte delvis ein av dei gamle florane på Tveddal.
- ❖ 2000 I sesongen tok brukaren imot turistar og fortalde om stølinga. Det var også mogeleg å kjøpe smør og rømmekolle.

## Tilstand 2000

Stølshusa på Tveddal er i middels god stand, men stølsvollen ber preg av å ha vore lite beita dei siste åra. Marka er ujamn og relativt artsfattig. Bak stølshusa har det vakse til med mykje einer. På Freddal har det ikkje vore støling siste sommaren, men stølsvollen her er likevel i betre hevd enn på Tveddal. Kyr og sauer beitar i dalføret om sommaren, men ved redusert beitepress vil ein få ei gradvis gjengroing. På stølsvollen er det sett opp to nye hus. Dei to sela er påbygde, men er haldne i gamal stil. Dei er no i bruk som hytter. I lia langs stien opp til Freddal er det open bjørkeskog som vert beita av sau. Beitepreget er tydeleg og området kjem difor inn under kategorien skogsbeite i (DN-99).

## UTVIKLING 1994 – 2000

## Skjøtsel

- ❖ 1999 På haustparten selde eigaren mjølkeknoten, men hadde igjen nokre av kyrne for stølinga sin del.
- ❖ 2000 Brukaren støla med 7 kyr og var på Tveddal heile sommaren.
  - Brukaren fekk STILK-støtte til stølinga og «Stiftinga Tveddal» fekk støtte til restaureringa av eit sel.
  - Same haust vart kyrne selde og brukaren kjem ikkje til å støle meir.

## FRAMTIDA

- ❖ Gamlestølen venner ynskjer å få til vidare støling på Tveddal og er då avhengig av å gjere avtale med ein bonde som kan ha dyra sine der.
- ❖ Det ser ut til at stølinga på Freddal går ut. Det betyr at ein mister dette dømet på vår- og sommarstøl i aktiv bruk. Dette gjer det mindre interessant som heilskapleg kulturlandskap og typeområde.